

TV programmet Helt naturlig startar i morgon, onsdag 24. april.

23.04.2019



Johannes Hauge (1934 - 2019) dreiv gardsdrift på gamlemåten. Bilete er frå høyberginga i 2017.

Programserien Helt naturlig med innslag om Johannes Hauge på Skorpo startar i morgon, onsdag 24. april, på NRK1. Det naturfotografen og produsenten Jan Grønseth som er ansvarleg for naturprogrammet som vert sendt på datoane 24. april, 1. mai og 15. mai. Johannes Hauge døyde 24. mars i år og hans bortgang vil bli lagt inn i rulleteksten på skjermen.

Jan Grønseth er kjend frå arbeidet med naturfilming og produksjon av bøker. Hans Ølver Sandvik er kontaktpersonen hans i Kvinnherad. Sesong 1 vart laga i 2016. Då var det med to korte innslag frå Kvinnherad.



Sauene til Johannes Hauge er sjølvstapt med i programmet Helt naturlig på NRK 1 i morgon, onsdag 24. april.

No er det sett av langt meir tid på gode innslag frå Kvinnherad, frå Skorpo, fjelltur i Blådalen, Follgefonna, Vardefjell og ikkje minst gjesting på Bjørnebøle hos Anna Ingeborg og Håkon Bjørnebøle. Dei nye episodane har med innslag frå fiske med stolpaline, krabbegarn og fiske med stong i Sandvikjo.

Målet med serien er å få fram det gode livet på bygdene, at folk i alle aldrar kan vera stolte over heimplassen sin. Opptaket på Tunet i det blå hos Johannes Hauge har med glimt frå arbeidet på garden, frå dyrelivet og det å bu åleine i det gamle tunet på Skorpo.

Så langt vi kjenner til vil innslaga frå Kvinnherad koma i eit av dei to fyrste programma. Desse naturprogramma har eit sjåartal på meir enn 500 000.

Vi gjer merksam på at bileta i dette innlegget ikkje er frå TV programmet.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Johannes Hauge hadde dei siste åra han levde ATV, ein firhjuling, som letta transporten til og frå tunet.